

Bakteriologisk kontroll av drikkevatn

Av Tov Omland

Tov Omland er overlege ved Forsvarets Mikrobiologiske Laboratorium.

Den infeksjonsepidemiologiske utviklinga i samband med drikkevatn har ikkje gått slik som ein hadde vona for 20 år sidan, i lei av eliminering av vassboren smitte. Årsakene til dette er mange. Viktige i denne samanheng er endra samfunnsstruktur, auka internasjonal sam-

ferdsle og større og meir kompliserte drikkevassanlegg. Fylgjande tal frå U.S. Department of Health and Human Services, Centers for Disease Control: Water-Related Disease Outbreaks, September 1982, illustrerer dette:

Tabell 1. *Waterborne Disease Outbreaks, by Year and Type of System,
United States, 1971—1981*

	Community	Non-community	Private	TOTAL	TOTAL CASES
1971	5	10	4	19	5182
1972	10	18	2	30	1650
1973	5	16	3	24	1784
1974	11	10	5	26	8363
1975	6	16	2	24	10879
1976	9	23	3	35	5068
1977	12	19	3	34	3860
1978	10	18	4	32	11435
1979	23	14	4	41	9720
1980	23	22	5	50	20008
1981	14	16	2	32	4430
TOTAL (%)	128 (37)	182 (52)	37 (11)	347	82404

Som uttrykk for veksande interesse for problemet mikrobar i vatn kan nemnast ei studie nyleg gjennomført av den sivile NATO komitéen, Committee on the Challenge of Modern Society (CCMS), den såkalla NATO/CCMS drinking water pilot study. Studia femnde om seks område, viste i fylgjande tabell:

Tabell 2.

- I. Analytical chemistry
- II. Advanced Treatment Technology
- III. Microbiology
- IV. Health Effects
- V. Reuse of Water Resources
- VI. Ground Water Protection

Området Mikrobiologi vart inndelt i fylgjande tema:

Tabell 3.

Tema A	Raw Water
Tema B	Pathogens
Tema C	Indicator Systems
Tema D	Testing and Standards
Tema E	Treatment Processes
Tema F	Distribution Systems
Tema G	Technological Aspects

Både ut frå den aukande internasjonale interessa og ut frå eigne nasjonale omsyn meiner eg det er all grunn til å understreke den vekt ein bør leggje på bakteriologisk undersøkjing og overvaking av drikkevatn i Noreg. Eg vil her særskilt nemne den store vekta ein nå meir og meir legg på undersøkjing av patogene mikroorganismar i vatn. Mange arbeid frå dei seinare år tilseier at vi også her i landet bør taka opp dette spørsmålet på breiare basis. Til vidare må vi likevel grunne vår kontroll på påvisning av dei såkalla indikatorbakteriane, først og fremst dei såkalla koliforme bakteriane.

Nokre ord om undersøkjingsteknikkar:

Rørfortynningsmetoden.

Dette er den klassiske metoden til undersøkjing av bakteriar i vatn og metoden har rådt grunnen så å seia gjennom heile bakteriologien si historie. Metoden grunnar seg som kjent på utsæd i flytande medium av titrerte volum vatn, gjerne i form av rekkekjer av parallellear med respektive 0,1, 1,0 og 10 ml. Avlesinga grunnar seg på farge-indikator-omslag og registrering av gass-daning. I og med at ein arbeider med flytande media, vert likevel resultatet unyansert i det ein berre kan observere kvalitativt som plus eller

minus. Ved hjelp av statistiske tabellar kan ein rett nok lesa seg fram til eit såkalla MPN («Most Probable Number») som likevel berre er eit leie-tal innanfor eit vidt område av statistisk konfidens.

Membranfiltermetoden.


Denne metoden har vore eit stort framsteg både fordi han er lett og billig å utføre og fordi han gjev resultat direkte utan at ein må gå vegen om statistikk i kvart tilfelle. Metoden har gjort det mogleg å desentralisere og å utføre bakteriologisk kontroll av drikkevatn mykje oftare og derved pålitelegare enn før.

Det har gjennom dei seinare år likevel vorte meir og meir klårt at mikrobiologisk kontroll av drikkevatn bør fylge same tendens som ein lenge har hatt når det gjeld kjemiske prøver, nemleg ei utvikling frå enkeltpørver mot meir kontinuerleg prøvetaking. Mikrobiologiske enkeltpørver med lange mellomrom kan — sett på spissen — samanliknast med måling av temperatur på ein feberpasient med tilsvarende lange mellomrom. Det har synt seg at mikrobar i vatn i mange situasjoner kan førekoma like kortvarig som febertoppar.

Kontinuerleg prøvetaking.

Dr. Johs. Kvittingen, Trondheim, har i mange år arbeidt med halvautomatisk prøvetaking med korte mellomrom (1/4—1 time) døgret rundt. Han har utvikla eit instrument til dette bruk, den såkalla Aquatest. Aquatest verkar etter eit prinsipp som er skissert i fylgjande figur:

Røynsler med Aquatest har vist at det kan vera store svingningar frå time til time i talet koliforme bakteriar på mange drikkevass-anlegg. Dette var då og a priori rimeleg å tenke seg. Ein annan



Principal working parts of prototype. A, Storage "lift", holding a total of 24 caskets (C) for medium; B, incubation "lift", total capacity 24 caskets; C, casket, 120 x 120 x 10 mm for culture media. 1, Intake of water to be tested; 2, overflow; 3, pump, adjustable from 0.2 to 2.0 ml; 4 (cover lifted off casket) ejector (4) under cover.

viklig faktor ser ut til å vera transporttida av ei prøve til laboratoriet. Denne tida kan ofte strekkje seg over mange timer. Ved Aquatest blir transporttida heilt eliminert. Eit viktig trekk ved Aquatestmetoden er at han lett kan tilpassast påvisning av *patogene* mikroorganismar, noko som, som nemnt, har kome sterkare i fokus dei siste åra.

Som *konklusjon* kan seiast at dei seinare års utvikling vil krevje mikrobiologisk kontroll av drikkevatn med mykje kortare tidsintervall enn det som har vore vanleg til nå. I mange situasjonar bør ein søkje å koma fram til «kontinuerleg» overvaking. Moderne, enkle og halvautomatiserte teknikkar gjer dette fullt mogleg og bør også kunna føre til meir desentralisert kontroll, f.eks. i form av driftskontroll i tillegg til den føreskrevne kontroll av laboratorium i offentleg regi.

logisk kontroll av drikkevatn med mykje kortare tidsintervall enn det som har vore vanleg til nå. I mange situasjonar bør ein søkje å koma fram til «kontinuerleg» overvaking. Moderne, enkle og halvautomatiserte teknikkar gjer dette fullt mogleg og bør også kunna føre til meir desentralisert kontroll, f.eks. i form av driftskontroll i tillegg til den føreskrevne kontroll av laboratorium i offentleg regi.